

Møtebok

frå

Utdanningsutvalet

Møtestad: Arne Rettedals hus, T-401
Tid: 11.11.2015 kl. 9:00 - 11.30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Bartlett, Magne
Bjørheim, Sindre
Gjerlaugsen, Marianne
Hemmingsen, Tor (til og med sak 45)
Hervik, Sigbjørn
Hærem, Eva
Klepp, Anine (til og med sak 45)
Kvaløy, Jan Terje
Melberg, Jorunn
Rangnes, Brita Strand
Sjøberg, Jørgen

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Terje Blåsternes

Følgjande varamedlemmer møtte:

Anne Beth Våga

Observatørar:

Faret, Elisabeth
Simonsen, Marianne

Frå administrasjonen møtte:

Bjarte Hoem (til og med sak 44)
Kristofer Henrichsen
Eilef J. Gard
Stig Selmer-Anderssen
Marit Cecile Farsund

Møtet vart leia av Tor Hemmingsen sak 39 - 45, og av Kristofer Henrichsen sak 46 - 49.

Møtebok: Utdanningsutvalet, 11.11.2015

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 39/15	Godkjenning av innkalling		
UU 40/15	Godkjenning av møtebok fra møtet 16.09.2015		15/01302-15
UU 41/15	Revisjon av eksamensforskrifta		
UU 42/15	Nye Standards and Guidelines for Quality Assurance (ESG)		15/06607-1
UU 43/15	Høring - forslag til endring i universitets- og høyskoleloven		15/05905-3
UU 44/15	Utvalgets mandat og sammensetning		15/02930-5
UU 45/15	Endring av navn på bachelor- og masterprogram i byutvikling og urban design		15/05228-3
UU 46/15	Plan for Utdanningsutvalet 2016		15/06435-1
UU 47/15	Tema for strategisak i februar møtet		15/01339-2
UU 48/15	Orienteringssaker		15/02099-4
UU 49/15	Eventuelt		

Stavanger 13. november 2015



Tor Hemmingsen
møteleiar



Bjarte Hoem
utvalgssekretær

UU 39/15 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkallinga vart godkjend med fylgjande kommentar: Jørgen Sjøberg fekk sakspapira seint pga at han ikkje stod på adresselista ved fyrste utsending. Utdanningsdirektøren beklaga dette og la til at utsendingslista for utvalet nå er retta opp.

UU 40/15 Godkjenning av møtebok fra møtet 16.09.2015

Vedtak:

Møteboka vart godkjend.

UU 41/15 Revisjon av eksamensforskrifta

Vedtak:

Saka vart utsett til møtet 17. februar. Vedtaket var einstemmig.

UU 42/15 Nye Standards and Guidelines for Quality Assurance (ESG)

Saka vart utsett til møtet 17. februar på grunn av at andre saker tok lang tid.

UU 43/15 Høyring - forslag til endring i universitets- og høgskolelova

Bjarte Hoem innleia i saka, og orienterte om forslaga til endring i universitets- og høgskolelova. Han hadde fylgjande kommentar til framlegg til vedtak pkt b): Dersom utvalet sine møte fell utanom frist for høyringar kan medlemene verta inviterte til å gje innspel på epost.

Stig Selmer-Anderssen orienterte kort om NOKUT sin nye tilsynsmodell som er ein del av høyringa i endringane i uh-lova og om forslag til endring i studiekvalitetsforskrifta, som Kunnskapsdepartementet sender ut på høyring i november. Ny versjon av European Standards and Guidelines for Quality Assurance (ESG) er fastsette, og desse må alle signerande land fylgja. NOKUT har fylgt praksisar i samsvar med dei nye retningslinene i eit par år, og desse praksisane vert nå lovfesta. Endringane i studiekvalitetsforskrifta implementerar dei same endringane, men i endå større grad enn endringsforslaget til uh-lova. Desse endringane gjeld begge utvala, og serleg utdanningsutvalet. Høyringsfristen til forskriftsendringane går ut før neste møte i utvalet, difor bør alle delta aktivt i høyringane om einingane.

Utdanningsdirektøren stadfesta at Utdanningsutvalet etter framlegget til vedtak vil vera høyringsinstans på same måte som einingane.

Vedtak:

- a) Utdanningsutvalet ber om at utvalet sine kommentarar og vurderingar vert tekne med i institusjonen sitt svar til høyringa om endringar i universitets- og høgskolelova.
- b) Utdanningsutvalet ber om at institusjonen sine rutiner for utsending av interne invitasjonar til høyringsinnspel vert endra slik at også Utdanningsutvalet vert invitert til å gje innspel i saker som vedkjem utdanningskvalitet.

UU 44/15 Mandat og samansetjing for utvalet

Bjarte Hoem innleia til saka. Rapporten frå arbeidsgruppa som evaluerte dei to utvala vart lagd fram for utvalet i mai. I september vart mål for utvalet sitt arbeid vedtekne. I denne saka er det laga framlegg til tiltak under kvart mål. Utdanningsdirektøren foreslår at utvalet vedtek eit nytt mandat med ny samansetjing av utvalet. Framlegget til nytt mandat har same form som for KLU, som nå vil heita Læringsmiljøutvalet.

Vidare gjorde utdanningsdirektøren greie for framlegget til ny samansetjing for utvalet, og viste elles til saksframlegget.

Diskusjonen i saka dreia seg hovudsakleg om samansetjinga og sjølve mandatet.

Samansetjinga:

Fleire medlemer var usamde i at to representantar for vitskapleg tilsette er redusert til ein i framlegget, og etterlyste grunngjeving for dette. Det vart også etterlyst grunngjeving for at representanten for universitetsbiblioteket er teken ut av utvalet i framlegget. Utdanningsdirektøren forklara dette med at ein ikkje ynskjer at ei enkeltgruppe av medlemer skal ha reint fleirtal i utvalet. Med prorektor som leiar, tre prodekanar og ein vitskapleg tilsett vil dei vitskaplege tilsette utgjera fem av til saman elleve medlemer. Med to vitskapleg tilsette vil dei utgjera eit fleirtal. På den andre sida argumenterte medlemer med at prodekanar også er ein del av administrasjonen ved fakulteta og at det er viktig å ha to vitskaplege representantar som er uavhengige av leinga.

At representanten frå biblioteket er teken ut i framlegget vart grunngjeve med at der er andre som også kunne vore representert på lik linje med biblioteket, t.d. IT og NettOp, og at talet på medlemer då ville verta for høgt. Biblioteket er representert i KLU (LU) sidan biblioteket er ein viktig del av arbeidet med læringsmiljøet. Representanten frå biblioteket, med støtte frå andre medlemer, argumenterte med at biblioteket også har ei viktig rolle når det gjeld arbeid med innhaldet i studia.

Frå studentrepresentantane vart det helde fram at det vil vera vanskeleg å utnemna studentrepresentantar for to år, slik det er gjort framlegg om i saka. Dei grunngav dette med at studentar er ved universitetet berre få år og at det er ein fordel at studentar får verta kjend med institusjonen og studentpolitisk arbeid før dei går inn i arbeid i Utdanningsutvalet.

Frå studentane kom det framlegg om at studentombodet får observatørstatus i utvalet.

Når det gjeld ekstern representant vart det understreka at denne bør vera vitskapleg tilsett ved ein annan høgare utdanningsinstitusjon.

Det vart vidare bedt om at det vert gjort ei opprydding i bruk av omgrep for administrativt personale, i framlegget vert det brukt både teknisk-administrativt og studieadministrativt personale.

Mandatet:

Sigbjørn Hervik gjorde framlegg om at det vert mandatfesta at utvalet skal fastsetja den ordinære eksamensperioden.

Det vart stilt spørsmål om kva som er meint med pkt II c: «føre tilsyn med universitetets eksisterende studietilbud, og forestå revidering av akkreditering». Utdanningsdirektøren viste til NOKUT sine krav og at dette er noko utvalet skal arbeida med, slik det går fram av andre saker i dette møtet.

Avstemming:

Framlegga til endringar i vedtaket vart sette under avstemming eitt for eitt.

- a) Framlegg om at UU skal fastsetja ordinær eksamensperiode fall med 3 for, 8 mot og 1 blank stemme.
- b) Framlegg om to vitskaplege representantar i utvalet vart vedteke med 8 stemmer for og 4 mot.
- c) Framlegg om at biblioteket er representert med fast medlem fall med 1 stemme for, 7 mot og 4 blanke stemmer.

- d) Framlegg om at representant for biblioteket har observatørstatus med talerett vart vedteke med 10 stemmer for og 2 mot.
- e) Framlegg om at studentombodet har observatørstatus med talerett fall med 4 stemmer for og 8 mot.

Vedtak:

1. Utdanningsutvalget slutter seg til forslag til mandat og forslag til oppfølging av de øvrige målene, med de kommentarene som kom fram i møtet.
2. Utdanningsutvalget anbefaler følgende tillegg i sammensetningen:
 - 2 representanter for det vitenskapelige personalet
 - Representant for universitetsbiblioteket møter med talerett
3. Utdanningsutvalget ber styret vedta nytt mandat før nytt utvalg trer i funksjon 1. januar 2016.
4. Utdanningsutvalget ber utdanningsdirektøren følge opp de øvrige tiltakene i den planen som er vedtatt.

UU 45/15 Endring av namn på bachelor- og masterprogram i byutvikling og urban design

Kristofer Henrichsen innleia i saka. Fakultetet meiner det er viktig å endra namn nå, og endra studiet i neste omgang. Utdanningsdirektøren har støtta fakultetet i dette.

Studentrepresentantane argumenterte mot å endra namn og så endra innhaldet i studiet etterpå fordi det vil verka uryddig overfor studentane.

Frå fakultetet vart det helde fram at ei namneendring allereide nå vil vera dekkjande for innhaldet i studiet slik det er pr i dag, og at namneendringa også vil vera eit signal om kva fagleg retning fakultetet ynskjer å ta med dette studiet.

Utdanningsdirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 8 mot 4 stemmer.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tilrår styret å endra namn på bachelor- og masterprogram i byutvikling og urban design til bachelor og master i byplanlegging, gjeldande frå studieåret 2016 - 2017.

UU 46/15 Plan for Utdanningsutvalet 2016

Kristofer Henrichsen innleia i saka.

Eva Hærem føreslo at arbeid med tema for det årlege fellesseminaret vert lagt til i planen for vårsemesteret.

Vidare diskuterte utvalet kor omfattande ein revisjon av retningslinene skal vera. Det vart helde fram at denne må avgrensast til å implementera dei endringane som fylgjer av NOKUT sin nye tilsynsmodell.

Vedtak:

Utdanningsutvalet vedtek plan for utvalet sitt arbeid i 2016. Planen vert send til AØV som utvalet sitt innspel til PVO-prosessen (plandelen).

UU 47/15 Tema for strategisak i februar møtet

Kristofer Henrichsen innleia i saka. Utvalet er bedt om å vedta tema for strategisak i februar møtet. I saksframlegget ligg det også føringar for korleis utdanningsdirektøren tenkjer at ei slik sak kan verta fylgd opp.

Også i denne saka vart det frå utvalet presisert at arbeidet med UiS sin retningslinjer for studieprogramarbeid må konsentrerast til å implementera dei endringane som fylgjer av endringane i NOKUT sin nye tilsynsmodell.

Vedtak:

Utdanningsutvalet sluttar seg til framlegg til strategisak for møtet 17. februar 2016.

UU 48/15 Orienteringssaker

- a) Studiebarometeret 2015. Undersøkinga vart avslutta 8. november. Marit Cecile Farsund orienterte om deltakinga ved UiS samanlikna med landsgjennomsnittet (39 % ved UiS og 47 % på landsbasis). UiS kjem dårlegast ut blant universiteta. Dette er ei svært viktig undersøking for UiS å vera med på. Det ligg til grunn for utviklingsarbeid, og NOKUT brukar resultatata i sitt tilsynsarbeid.

Etter orienteringa fylgde ein kort diskusjon om kvifor det er så vanskeleg å få opp deltakinga. Det vart mellom anna lagt vekt på oppfylgging av vedtak om tilretteleggjing for deltaking i studentgruppene og dei enkelte faglærarane sitt ansvar for å leggja til rette for slik deltaking.

Resultata frå Studentbarometeret kjem i februar.

- b) UHR nyhetsbrev 8/2015. Dette var ettersendt innkallinga.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

UU 49/15 Eventuelt

Der var ingen saker til eventuelt.